

---

Vår referanse 2020/50347-16  
Dato 31.05.2021

---

ODD HEINE HOLE  
HELLA 98  
5936 MANGER

## Førehandstilsegn - Søknad om endra bruk av avkøyrslø - gnr 490 bnr 2 - Sæbøvågen - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om endra eller utvida bruk av avkøyrslø datert 24.05.2021.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til oppgradering av og utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5480 Sæbøvegen til eigedom gnr. 490 bnr. 2 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

### **Vilkår for løyvet**

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 19.05.2021. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
  - Siktkrava er 4 x 45 meter fri sikt. Det kan ikkje vera hinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
  - Helling i avkøyrslø skal helle frå fylkesvegen slik at ein unngår vatn å renne inn i vege.
  - Svingradius skal vera 4 meter, og skal markerast tydeleg.
2. Løyvet gjeld oppgradering av avkøyrslø, og utvida bruk for ein bustad.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvege. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisisiktsone og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrse* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrse frå.

Det var i haust søka om dispensasjon frå LNF-føremål for å rive eldre våningshus og oppføring av ny bustad og garasje. Alver kommune gav dispensasjon for tiltaket, men gav vilkår i vedtaket om at førehandstilsegn for avkøyrsla må ligge føre før byggearbeidet kan settast i gang.

Fartsgrense på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse lite streng jf. *Rammeplan 2021-2024*. Det vart tidlegare i år gjort ei fartsmåling på staden for å sjå om ein kunne senke siktkrava for avkøyrsla. Det er difor sett siktkrav etter reell fart på 50 km/t.

Avkøyrsla slik ho ligg i dag kan ikkje godkjennast med tanke på tekniske krav til utforming. Det er ein eksisterande avkøyrse som ikkje har vore i bruk over lengre tid. Men ei oppgradering av avkøyrsla vil gjere den betre eigna for permanent bruk.

Ei endeleg godkjenning av avkøyrsla kan påreknast dersom avkøyrsla vert opparbeida i samsvar med dette løyvet.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på tlf. 45638702, eller på e-post [lillian.bakke.byrknes@vlfk.no](mailto:lillian.bakke.byrknes@vlfk.no).

Med helsing


Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg: prinsippskisse med krav til utforming


## PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

### Krav til svingradius for avkjørsla :



### Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



**Vedlegg: melding om opparbeid avkøyrslø**

Vestland fylkeskommune sitt saksnummer: 2020/50347

**Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø**

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 5480, S1D1 m4503, gnr 490 bnr 2 er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 28.05.2021.

.....  
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN